

**Fra:** Samferdselavdelinga - Postmottak (samferdsel@hfk.no)

**Sendt:** 21.10.2015 11:42:59

**Til:** Marte Hagen Eriksrud

**Kopi:**

**Emne:** VS: høyring - rtp planprogram - mareri

**Vedlegg:**

-----Opprinnelig melding-----

Fra: hoyring@hfk.no [<mailto:hoyring@hfk.no>]

Sendt: 21. oktober 2015 11:39

Til: Samferdselavdelinga - Postmottak

Emne: høyring - rtp planprogram - mareri

Fra: Stord Næringsråd

Adresse: Kunnskapshuset - Sæ 132

Postnr: 5417 Stord

Namn: Dagleg leiar Anne-Grete Sandtorv

Epost: Post@stordnaeringsraad.no

Uttale: Innspel til Regional Transportplan Hordaland 2018-2029. Høyring Planprogram:

- Det er viktig å halde oppe tempo i arbeidet med å få Hordfast E39 inn i NTP med oppstart i 2018, då denne går som ei hovudpulsåre gjennom fylket og vil influere på svært store delar av fylkesvegnettet sin framtidige strategiar. Dette vil igjen ha stor innverknad for bygging av større bu- og arbeidsregionar.

- ( 5.1.3) Med det store etterslepet på vedlikehald fylkesvegar, er det viktig at turvande investeringar vert gjort for å sikre gode og framkommelege vegar. Vedlikehald må ha høgare prioritering.

- ( 5.1.8) Ny miljøvennleg ferjeflåte vil utløyse innsparinger på drift av ferjesambanda. Innsparte midler må nyttast til investeringar i nye samferdleprosjekt i fylket.

- ( 5.2.2) Kollektivsatsinga utanfor Bergen må generelt verta betre og spesielt må den heilskaplege tankegangen og koordineringa mellom buss/båt/ferje/taxi verta betre. Viktige trafikknutepunkt som Leirvik må prioriterast, og kollektivtilbodet må kommuniserast på ein enkel måte.

- ( 5.4) Det er viktig at Hordaland fylkeskommune held fram som eigar av Sunnhordland Lufthavn AS med 21% saman med Stord kommune som eig 79%.

Utviklinga for lufthamna har vore veldig god dei siste åra, og gitt overskot på drifta. Hittil i 2015 har 31.379 personar nytta seg av flytilbodet på lufthamna. Sammenlikna med same periode i fjar utgjer dette ein auke på 7.327 reisande eller 30,4%. Stord Lufthamn er såleis den lufthamna i Noreg som kan visa til den største prosentvise auken i passasjertrafikken så langt i år.

- Møglegheit for utvikling av sjøtransport bør vera med som eige plantema. Dette vil også vera i tråd med regjering og storting sine nasjonale føringer av overføring av meir gods frå vei til sjø.

- Utvikling av hurtigbåttrafikken og utvikling av ein moderne, miljøvennleg hurtigbåtflåte bør vera med som ein strategi under tema sjøtransport. Dette vil ha positiv innverknad på miljøet, spara driftskostnader for fylkeskommunen, gje innovativ næringsutvikling, og ikkje minst bygga bærekraftige regionar.